

## Strandvegen - snart ferdig grusa.

09.08.2017



200 meter av Strandvegen vart i går grusa og rett dosert.

**Store deler av gangvegen frå Neset langs stranda i Stølavikjo mot SPAR er ferdig grusa. I går la nausteigar Gunnar Myklebust ut grus på vegen frå Gamlebutikken på Sanden til nausta og vidare fram til skulen og Aktivitetshuset. Dette er eit arbeid Gunnar Myklebust gjer for eigen kostnad. Det gjekk med om lag 12 kubikk.**

Vegen langs stranda på Stølavikjo er i privat eige av mange grunneigarar. Traseen vert også kalla Strandvegen. Nokre seier berre stien. Historisk er vegen interessann. Birger Myklebust fortel at for alle på Skorpo var dette Kyrkjevegen. Dei rodde over til Neset der dei hadde sin vår eller lendingsplass. Stien gjekk framom huset der Åse Neset bur i dag og vidare mot kyrkja på grusa veg.

Ved Kvinnherad Energi sitt arbeid med kabellegging i jord, vart det lagt grus på deler av vegen nedom leikeplassen på skulen og ved hytta til Torbjørn og Egil Myklebust. No er nye 200 meter av vegen grusa og rett dosert. Grusen er knust masse henta på Børnes frå Musland Maskin. Strandvegen vert mykje brukt som turveg. Difor vil denne grusinga vera til glede for mange.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal